	Vidaregåande utdanning - Telemark		Arkivsaknr: 11/2516
	Jnr.:	Arkiv	Saksbehandler
11/12057	K1-026, K2-A41	Erling Rønnekleiv	
Forvaltn. organ:	Dato	Sak nr.	
Midt-Telemarkrådet	26.08.2011	022/11	

Innstilling:

Midt-Telemarkrådet ber fylkeskommunen holde fast ved prinsippa om at inntaksområde B – distriktstelemark – også i framtida skal ha eit breidt og distribuert tilbod om vidaregåande utdanning innanfor rimeleg reiseavstand for elevane. Behovet for nedbygging av kapasiteten i Grenland skal ikkje skje på bekostning av eit variert tilbod i distriktstelemark.

Midt-Telemarkrådet registrerer positivt at alle våre tre vidaregåande skular etter at strukturdebatten vart avslutta, no fokuserer på elevresultat, å utvikle faglege sterke miljø innanfor sine felt, brei kontakt med næringsliv, høgskulen og øvrige kunnskapsmiljø for å tilfredsstille behovet frå samfunnet til einkvar tid. Vi oppmodar alle vidaregåande skular i fylket til å vidareutvikle seg godt fagleg for å være rusta for framtida.

Vi innser at alle dei vidaregåande skulane i Telemark må førebu seg på tilpasningar av linjer og talet på klasser dersom ikkje innflytting skulle endre vesentleg på elevgrunlaget framover. Men nettopp av hensyn til elevens beste, behovet i arbeids og næringsliv, fagmiljø og fagleg utviklingstenking, må ikkje denne saka pånytt reise diskusjonar om skular i distriktstelemark sin berettiga eksistens.

Midt-Telemarkrådet meiner at det vidaregåande tilbodet må ta på alvor alle dei signala som kjem om at elevar med lite akademisk interesse må få stimulert sin lærelyst og ynskje om å delta i samfunnet ved målbevisst satsing på varierte yrkesfag med praktiske innslag i undervisninga. Dette for å demme opp mot det store frafallet i utdanninga og at stadig større del av ungdomskulla blir rekrutterte direkte over til passive ytingar før dei kjem inn i arbeidslivet. Skal vi få til dette må vi prioritere vår desentrale skulestruktur og intensivere arbeidet med praksis i både privat og offentleg sektor for å delta i utdanning av våre ungdommar gjennom praktisk retta yrkesutdanningar.

Reduksjon i elevtal må ikkje føre til fokus på at ein større del av elevmassen skal gjennomgå almennfagleg utdanning fordi den er mest kostnadseffektiv for det offentlege, men nettopp styrkje den yrkesfaglege praktisk retta undervisninga med sikte på at endå fleire av ungdomskulla faktisk fullfører utdanninga si.

Vi treng gode akademikarar frå Telemark og skal fortsetje å gje den delen av elevmassen eit godt teoretisk fundament for høgare utdanning. Men vi skal ikkje presse elevar som ikkje har

lyst eller evner til slik utdanning inn i feil spor. Det bør derfor også i framtida være åpningar for at elevar som har starta utdanninga i ei praktisk retning, kan fylle på med studiekompetanse gjennom påbygningsår eller ulike Y-vegar for å kunne ta seg høgare utdanning eller etterutdanning seinare i yrkeskarrieren.

Midt-Telemarkrådet registrerer den store omstillingstakten som er i arbeidslivet både i privat og offentleg sektor. Det blir difor feil å peike ut enkelte studieretningar som dei som regionen eller fylket skal satse på. Den generelle fagutdanning eller almennutdanning må leggje grunnlaget for å skaffe seg teoretisk eller praktisk kunnskap, kunnskap om arbeids og samfunnsliv og ein beredskap for å kunne takle nye endringar i arbeidslivet i løpet av karrieren.

Midt-Telemarkrådet peikar likevel på det store behovet for arbeidskraft som vil komme innanfor helseområdet dei neste 20 åra, samt veksten i serviceyrker.

MTR-022/11

Vedtak: Midt-Telemarkrådet ber fylkeskommunen holde fast ved prinsippa om at inntaksområde B – distriktstelemark – også i framtida skal ha eit breidt og distribuert tilbod om vidaregåande utdanning innanfor rimeleg reiseavstand for elevane. Behovet for nedbygging av kapasiteten i Grenland skal ikkje skje på bekostning av eit variert tilbod i distriktstelemark.

Midt-Telemarkrådet registrerer positivt at alle våre tre vidaregåande skular etter at strukturdebatten vart avslutta, no fokuserer på elevresultat, å utvikle faglege sterke miljø innanfor sine felt, brei kontakt med næringsliv, høgskulen og øvrige kunnskapsmiljø for å tilfredsstille behovet frå samfunnet til einkvar tid. Vi oppmodar alle vidaregåande skular i fylket til å vidareutvikle seg godt fagleg for å være rusta for framtida.

Vi innser at alle dei vidaregåande skulane i Telemark må førebu seg på tilpassingar av linjer og talet på klasser dersom ikkje innflytting skulle endre vesentleg på elevgrunnlaget framover. Men nettopp av hensyn til elevens beste, behovet i arbeids og næringsliv, fagmiljø og fagleg utviklingstenking, må ikkje denne saka pånytt reise diskusjonar om skular i distriktstelemark sin berettiga eksistens.

Midt-Telemarkrådet meiner at det vidaregåande tilbodet må ta på alvor alle dei signala som kjem om at elevar med lite akademisk interesse må få stimulert sin lærelyst og ynskje om å delta i samfunnet ved målbevisst satsing på varierte yrkesfag med praktiske innslag i undervisninga. Dette for å demme opp mot det store frafallet i utdanninga og at stadig større del av ungdomskulla blir rekrutterte direkte over til passive ytingar før dei kjem inn i arbeidslivet. Skal vi få til dette må vi prioritere vår desentrale skulestruktur og intensivere arbeidet med praksis i både privat og offentleg sektor for å delta i utdanning av våre ungdommar gjennom praktisk retta yrkesutdanningar.

Reduksjon i elevtal må ikkje føre til fokus på at ein større del av elevmassen skal gjennomgå almennfagleg utdanning fordi den er mest kostnadseffektiv for det offentlege, men nettopp styrkje den yrkesfaglege praktisk retta undervisninga med sikte på at endå fleire av ungdomskulla faktisk fullfører utdanninga si.

Vi treng gode akademikarar frå Telemark og skal fortsetje å gje den delen av

elevmassen eit godt teoretisk fundament for høgare utdanning. Men vi skal ikkje presse elevar som ikkje har lyst eller evner til slik utdanning inn i feil spor. Det bør derfor også i framtida være åpningar for at elevar som har starta utdanninga i ei praktisk retning, kan fylle på med studiekompetanse gjennom påbygningsår eller ulike Y-vegar for å kunne ta seg høgare utdanning eller etterutdanning seinare i yrkeskarrieren.

Midt-Telemarkrådet registrerer den store omstillingstakten som er i arbeidslivet både i privat og offentleg sektor. Det blir difor feil å peike ut enkelte studieretningar som dei som regionen eller fylket skal satse på. Den generelle fagutdanning eller almennutdanning må leggje grunnlaget for å skaffe seg teoretisk eller praktisk kunnskap, kunnskap om arbeids og samfunnsliv og ein beredskap for å kunne takle nye endringar i arbeidslivet i løpet av karrieren.

Midt-Telemarkrådet peikar likevel på det store behovet for arbeidskraft som vil komme innanfor helseområdet dei neste 20 åra, samt veksten i serviceyrker.

(..... gjør endelig vedtak).

Kopi av saksutredning med vedtak sendes:

Dokumenter i saken:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	03.06.2011	Telemark Fylkeskommune	Skoletilbudet i videregående opplæring
2	I	03.06.2011	Telemark Fylkeskommune	Tilbudsstruktur videregående opplæring - innspill om fremtidige behov

Dokument følger som kopiert vedlegg. Øvrige dokumenter i saken er tilgjengelige ved servicekontoret i rådhuset.

Sammendrag

Saka gjeld arbeid med innretning av fagtilbud og dimensjonering av tilbud innanfor vidaregåande utdanning i Telemark sett i lys av minkande elevtal fram mot 2020. Elevtalet går ned over heile fylket, altså har dette størst betydning i Grenland kor elevtalet er høgast i utgangspunktet.


Faktiske opplysninger

Telemark er inndelt i to inntaksområder basert på kommuner.

INNTAKSOMRÅDE A	INNTAKSOMRÅDE B
Siljan	Tinn
Skien	Tokke
Porsgrunn	Fyresdal
Bamble	Nissedal
Drangedal (kan også søke i område B)	Vinje
Kragerø	Kviteseid
	Seljord
	Hjartdal
	Notodden
	Sauherad
	Bø
	Nome

Frå utgreiinga i 2008:

Prognose over elever fordelt etter inntaksområder



Fylkeskommunen har henvendt seg til kommunane med informasjon om følgjande problemstillingar:

Hvordan skal vi innrette tilbudet innenfor videregående opplæring de kommende år?

Elevtallet i Telemark går betydelig ned de kommende år. Tall fra GSI (Grunnskolens informasjonssystem) for Telemark viser at avgangskullet fra grunnskolen utvikler seg slik:

År	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Ant elever	2308	2241	2150	2075	2003	2100	2030	1870	1945	1875

(Avgangstall basert på faktisk elevtal i grunnskolen 2010)

Fødselstalla 2005 -2010 i Telemark indikerer at avgangskulla fra 2021 til 2026 går ned mot ca. 1800 elever.

Elevantallet er en avgjørende faktor for omfanget av og sammensetningen av videregående opplæring i Telemark. Antall ungdom mellom 16-18 år er også avgjørende for inntektsoverføringen fra staten. Inntektene går betydelig ned. Og i tråd med nedgangen i antall unge, må skoletilbudet nedskaleres og driften effektiviseres.

I samband med sak om langtidsprioriteringer, sak 24/10, gjorde Fylkestinget et vedtak der det bl.a heter:

Innafor vidaregåande opplæring er det naudsynt å gå gjennom tilbodsstruktur med bakgrunn i endring i elevtal framover og betre ressursutnytting.

Nedgangen fram til 2020 estimeres til vel 400 elever, grovt regnet 20 klasser. Men hvordan vil dette falle ut mht til utdanningsprogram og inntaksområde?

Når vi går inn i statistikken for avgangselevar frå grunnskulen får vi følgjande oppdaterte tal som er grunnlaget for denne saka:

Oversikt elevtallsprognoser GSI for Telemark – endringar frå 2011 til 2020.

Inntaksområde A ned 321 Inntaksområde B ned 112

	2011	2020	nedgang i prosent 2012 - 2020	
Drangedal	50	48	4	
Bø	70	67	4,28571429	
Nome	110	70	36,3636364	
Sauherad	59	45	23,7288136	
Sum	239	182	23,8493724	
Notodden	155	124	20	
Tinn	80	61	23,75	
Hjartdal	20	23	-15	
Sum	255	208	18,4313725	
Vest-Telemark	2011	2020		
Fyresdal	20	20	0	
Kviteseid	28	32	-	14,2857143
Nissedal	17	10	41,1764706	
Seljord	32	45	-40,625	
Tokke	20	20	0	
Vinje	55	39	29,0909091	
	172	166	3,48837209	
SUM B	716	604	15,6424581	

Inntaksområde A 2009	2011	2020	
	Totalt	Totalt	Nedgang i %
Bamble	235	150	
Kragerø	162	97	
	397	247	37,7833753
Porsgrunn	420	419	0,23809524
Siljan	43	29	32,5581395
Skien	697	551	20,9469154
International School	16	12	25
SkauenKristelige skole	19	13	31,5789474
	1195	1024	14,3096234
Sum A	1592	1271	20,1633166

Fylkeskommunen har planlagt arbeidet med denne saka slik at den blir utarbeidd administrativt i løpet av tidleg haust for å kunne fremjast for politisk beslutning i november 2011. I samband med saksførebuinga har dei bedt om innspel på følgjande punkt:

1. **Hvordan setter vi vår ungdom best mulig i stand til å møte kompetansesamfunnet?**
2. **Har dere noen overordna synspunkter på innretningen av tilbudet innen videregående opplæring i Telemark?**
3. **Hvilken kompetanse trenger Telemark de nærmeste 10 -15 år?**
4. **Hvordan setter vi sammen et best mulig opplæringstilbud innen videregående opplæring i Telemark?**
5. **Synspunkter på utdanningsprogram, omfang og plassering?**

Det er sagt at det ikkje skal være omkamp om skulestrukturen, men fleire av problemstillingane som blir reiste og politiske kommentarer frå kommuner i Grenland syner at det fort også blir diskusjon om prioriteringar som kan endre på strukturar på sikt.

Derfor syner eg til saka som Midt-Telemarkrådet handsama i 2008 om skulestruktur

– sitat frå saka :

sitat 1:

MTR-002/08 Midt-Telemarkrådet legg vurderingane i saksframlegget til grunn og ber fylkestinget om å velge alternativ B3 – ingen strukturelle endringar i Midt-Telemark.

Midt-Telemark rådet meiner fylkeskommunen og må legge vekt på dei vidaregåande skulane sin regionale betydning for samfunns og næringsliv

Midt-Telemarkrådet meiner at balansen mellom elevplassar og elevtal i inntaksområde A og B ikkje særskilt favoriserer distriktstelemark slik enkelte påstander i utgreiinga kan antyde. Vi meiner difor at strukturen som den er i inntaksområde B bør oppretthaldast og vidareutviklast for å oppretthalde eit breidt og godt tilbod om vidaregåande opplæring også i inntaksområde B.

Sitat 2:

I tillegg har arbeidsgruppen gjort det til et eget punkt å påpeke følgende:

På grunn av kapasitetsmangel i Grenland må mange elever fra Grenland pendle til Lunde vgs. Når elevtallet i fylket går ned i årene som kommer, vil dette behovet gå ned.

Dette punktet er einseitig fokusert frå arbeidsgruppa. Pendling mellom inntaksområder er ikkje i favør av område B som eg syner til i mi vurdering.

Elevgrunnlag sitat:

Distrikt kontra by – tek forslaga samla tilstrekkeleg omsyn til at ungdom og næringsliv i distrikts- Telemark skal ha like gode tilbod som i byområda.

I materialet som arbeidsgruppa har støtta seg til fins både oversikt over elevtal på dei ulike skulane i dag og prognoser for elevtal i dag og fram til 2016 som til dømes bygningsplanlegging må ta hensyn til. I dette materialet fins det ikkje belegg for å hevde at Inntaksområde A har forholdsvis for lite kapasitet i høve til område B. I praksis er pendlinga frå B til A lite grann større enn omvendt i dag. Og prognosen framover tilseier ikkje at dette vil endre seg i favør av område A. Her er talla i kolonneform:

Tall fra fylkeskommunens dokument og prognoser:

På grunn av omvalg er elevtall ca 12 % høyere enn prognosene

Skole	Elevtall	Inntaksområde		
Vest-Telemark	169	B		
Rjukan	233	B		
Notodden	468	B		
Bø	425	B		
Lunde	379	B		
Søve	140	B		
Sum B	1814	28,7	Prosent	
Skogmo	770	A		
Porsgrunn	1047	A		
Hjalmar Johansen	588	A		
Croftholmen	305	A		
Skien	1031	A		
Bamble	337	A		
Kragerø	430	A		
Sum A	4508	71,3	Prosent	
Sum Telemark	6322			
	2010	prosent	2016	prosent
Elevtall område A prognose	3900	70,7	3550	70,7
Elevtall område B prognose	1620	29,3	1470	29,3
Sum Telemark	5520		5020	

Til påstanden frå arbeidsgruppa:

På grunn av kapasitetsmangel i Grenland må mange elever fra Grenland pendle til Lunde vgs. Når elevtallet i fylket går ned i årene som kommer, vil dette behovet gå ned.

Dette er ein ikkje dokumentert påstand som når vi spør elevane på Lunde vidaregåande skule gjev eit heilt anna inntrykk. Eg gjengjev her følgjande tal frå vg1 i år (2008):

Bygg anlegg totalt 43 elever herav frå inntaksområde A - 7 frå Drangedal og 6 frå Grenland. Av desse hadde alle frå Drangedal og 4 frå Grenland Lunde vgs som førsteval.

Elektro totalt 29 elever herav frå inntaksområde A – 3 frå Drangedal og 3 frå Grenland. Av desse hadde alle frå Drangedal og 1 frå Grenland Lunde vgs som førsteval.

TIP totalt 36 elever herav frå inntaksområde A – 2 frå Drangedal og 6 frå Grenland. Av desse hadde alle frå Drangedal og 1 frå Grenland Lunde vgs som førsteval.

Design og håndverk totalt 35 elever herav frå inntaksområde A – 3 frå Drangedal og 3 frå Grenland. Av desse hadde 2 frå Drangedal og 1 frå Grenland Lunde vgs som førsteval.

Helse og sosial totalt 39 elever herav frå inntaksområde A – 2 elever frå Drangedal og 10 frå Grenland. Av desse hadde 1 frå Drangedal og 2 frå Grenland Lunde vgs som førsteval.

Av totalt 182 elever på vg1 ved Lunde vgs er det altså 21 som truleg hadde skular i Grenland som førsteval. Igjen vil ein tredjedel av disse velge Lunde vgs som førsteval for vg 2. Noko som underbyggjer at både er kvaliteten og miljøet bra, og reisevegen også den vegen til å leve med.

Altså vil ein oppbygging av kapasiteten i Grenland kunne redusere søkinga til Lunde med rundt 20 elevplassar. Sett i lys av at Grenland/Kragerø allereie har 4508 elevplassar synest dette å være eit lite tungtvegande argument for å bygge ned både bredde og kapasitet i inntaksområde B.

Elevar frå Drangedal søker seg primært til skulane i Midt-Telemark fordi reise til og frå er lettare med toget frå Drangedal enn buss til Kragerø/Grenland. Det betyr igjen at fleire kan bu heime og få eit breidt skuletilbod. **Frå Drangedal er det dagleg 25 elevar som tek toget til Lunde og 12 som tek toget til Bø.** Dette er heller ein indikator på at Drangedal burde reknast med i elevgrunnlaget for inntaksområde B og dimensjonere dette i høve til det.

Desse sitata var frå Midt-Telemarkrådet sine innspel til fylkeskommunen. Politisk vart dei fleste av våre argument høyrde og fylkestinget 30.4.2008 gjorde slikt vedtak:

Vedtak i fylkestinget 30.4.08:

- 1. Fylkestinget held fast ved at vidaregåande opplæring skal gjevast så nær dei opplæringsøskande sin heimstad som det er fagleg og økonomisk forsvarleg. Opplæringstilbodet skal dessutan innrettast slik at det bidreg til at nærings- og arbeidslivet i nærleiken skal kunne skaffe seg kvalifisert arbeidskraft.*
- 2. I langtidsperioden 2009 – 2012 skal det gjennomførast opprustings- og utbyggingsprosjekt ved Hjalmar Johansen vgs og Porsgrunn vgs.*
 - a) Opplæringstilbodet ved Lunde vgs skal styrkast, t.d. ved et breiere opplæringstilbud innan tyngre køyretøy, VG2. Fylkestinget vil ta stilling til dette etter nærare utgreiing, i samband med framtidige skoletilbodssaker.*
 - b) Det skal gjevast opplæringstilbud i TIP i både Bamble, Porsgrunn og Skien.*
 - c) TIP vert bygd ut ved Porsgrunn vgs.*
 - d) Hjalmar Johansen vgs blir bygd ut for blant annet å kunne huse TIP fag. Fylkestinget vil ta stilling til om det bør lokaliserast i nybygg ved fritidsparken, opprusting ved eksisterande avd. Klosterskogen eller anna løysing i Skien etter nærare vurdering av dei økonomiske og pedagogiske konsekvensane.*
- 3. Realisering av dei fylgjande utbyggingsprosjekta blir vurdert i samband med framtidig rullering av økonomiplanen:*
 - a) Skien vgs avd. Prestjordet blir bygd ut og rusta opp*
 - b) Opplæringstilbodet ved avd. Brekkeby blir overført til avd Prestjordet.*
 - c) Bamble vgs vert bygd ut.*
- 4. Fylkestinget føreset at arbeidet med samlokalisering på Notodden held fram.*
- 5. Eventuell avhending av framtidige unytta skoleanlegg skal vurderast i kvart enkelt tilfelle etter nødvendige utgreiingar frå TFK Eiendom.*
- 6. Fylkestinget viser elles til sak 02/08 ”Langtidsprioriteringar 2009 – 2012”*

Vurdering

Eg har bedt fagmiljø i Midt-Telemark om å reflektere over problemstillingane. Frå Bø har eg fått følgjande tankar frå kommunalsjef Helge Vreim:

1. Hvordan setter vi vår ungdom best mulig i stand til å møte kompetansesamfunnet

Vidaregåande opplæring har etter kvart blitt ein nesten obligatorisk del av unge folk si førebuing for resten av livet. Da blir nøkkelspørsmålet todelt og handlar om kva for kompetanse elevane treng for å ha eit godt liv både i arbeidsliv og i fritida og kva samfunnet treng. Når det gjeld program som ikkje gir studiekompetanse, må vi bli flinkare til å knyte teorien til praktisk bruk så langt som det er råd og naturleg i utdanninga. Vektlegge samanhengen mellom teori og praktiske arbeidsoppgåver. Dette veit vi at aukar både motivasjon og forståing, og gjennom det læringsresultatet.

I dagens situasjon må vi heller ikkje gløyme at generell kompetanse også må inkludere alminneleg folkeskikk, så som å vere presis, vise omsyn, vere høfleg osv. (At ein let matematikarar skrive lærebøker og fagplanar i matematikk, historikarar i historie osv er vel korkje skulefolk eller politikarar villige til å forandre på.)

At ein har verdas høgaste levestandard for alminnelege folk, verdas mest demokratiske samfunn og ein haug med kvalitetar som det store fleirtalet i verda berre kan drøyme om betyr vel at skuleverket i Noreg ikkje er heilt elendig. Kanskje fleire skulefolk og sentrale politikarar burde vere stoltare og ikkje ukritisk leggje seg flate for testar som syner at den norske skulen er bort i natta dårleg

2. Har dere noen overordna synspunkter på innretningen av tilbudet innen videregående utdanning i Telemark

Dette handlar sjølvsagt om økonomi, men det er i alle høve ikkje fornuftig at Studiespesialisering får inn elevar som hadde hatt langt betre nytte av eit meir praktisk retta utdanningsprogram.

3. Hvilke kompetanse trenger Telemark de nærmeste 10 - 15 årene?

Skal Noreg også i framtida ha ein levestandard høgare enn resten av verda treng ein mange med høg utdanning også i framtida. Velferdstatens utvikling krev i tillegg stor tilgang på kompetanse og sjølvsagt mengde innom service og helse.

4. Hvordan setter vi sammen et best mulig opplæringstilbud innen videregående opplæring i Telemark

Prioritere klasser innafor program som gir yrkeskompetanse, jamfør punkt 2. Heilt sikkert at det her er potensiale for å redusere talet på folk som heilt frå dei er 16, 18 eller 20 år gamle lever på ytingar frå NAV. Samstundes må også samanhengen mellom teori og praksis fokuserast sterkare i samband med alle fagområde

5. Synspunkter på utdanningsprogram, omfang og plassering?

Ein må i alle fall ikkje svekke det yrkesfaglege tilbodet i regionane. Dette vil i sterk

grad kunne påvirke vår evne til å sikre gode livsgrunnlag både for dei individa det gjeld og for næringslivet i regionane.

Rektor på Søve har følgjande kommentar:

Vi ser positivt på de foreløpige tanker som er kommet via Helge Vreim og støtter disse.

Søve er Telemarks eneste naturbruksskole, en utdanningsressurs et fylke som Telemark med store arealer bygder, skog, utmark o.a. verdifull natur bør ha. En ressurs plassert midt i fylket, og derfor lett tilgjengelig fra alle kommuner, og en aktuell medspiller for videre utvikling i regionen Midt-Telemark.

Spesielt framhevet i nylig vedtatt fylkesplan for næring og kompetanse (vedtatt i juni 2011) Politikerne har vedtatt at Søve skal bli Telemarks ressurscenter mht produksjon stedege ressurser mv Naturbruk, entreprenørskap, nisjer, småskala landbruk og reiseliv mer aktuelt enn noensinne de nærmeste tiåra?

Europeiske land opplever det samme som Norge; fraflytting og urbanisering av unge innbyggere - politisk vilje til å snu trenden.

Fjellregionsamarbeidet har fokus på det samme - Søve med i samarbeidet mht skoletilbud (entreprenørskap, utvikle landbrukseiendom ved siden av annet arbeid mv). Jakt og friluftsliv planlagt tilbud fra neste år.

Med Telemarks demografiske utfordringer og trender innen kompetanse, næring mv er det viktig at skoler som Søve kan gi grunnlag for både næringsutvikling på landbrukseiendommer i fylket og grunnlag for utdanning og kompetanse som gir nødvendig arbeid og inntekt som supplement til driftsinntektene fra landbrukseiendommene.

Søve tilbyr i dag en verdifull kombinasjon av praktisk opplæring og studiekompetanse, både generell og spesiell.

Nyeste tilbud er fordypning i kjemi i tillegg til biologi og matematikk som betyr at vi kan sende videre elevene til veterinærstudier og tyngre realstudier, i tillegg til generell studiekompetanse og yrkesfagene agronom, hest- og hovslager og skogfag.

Søve arbeider aktivt nå med å skaffe flere tilbud til skolen, da også utenom videregående skole, som fagskoletilbud, kortere kurs mv.

Ny ridehall er snart på plass

Søve tilbyr også ungdom på NAV-ordninger arbeidspraksis og vi har per dags dato avtale med to via NAV.

Ressursgruppe fra næringsliv, offentlig forvaltning mv under etablering. Mål å etablere løpende kontakt med partene for å sikre at tilbudene ved skolen baseres på samfunnets behov og muligheter - og å være i forkant av disse

Etablert samarbeid med Landbruksselskapet og Århus forsøksgård om markedsføring og informasjon mot spesielle grupper - f.eks rådgivere u-skole og politikere mv

Entreprenørskap er en etablert kompetanse her på Søve og vil være en viktig del av skolens virksomhet framover.

I gårdsdrifta tar vi også sikte på utvikling framover. Vi deltar derfor aktivt i forsøksvirksomhet innen frødyrking og utreder nye produksjonsmuligheter innen villandproduksjon rettet mot utmarksnæringen.

Det er investert 40-50 millioner kr i Søve de siste årene og vi har mange fortrinn som ikke andre skoler har mht til arealer, beliggenhet, driftsbygninger mv. Noe som ikke ebkelt lar seg flytte eller reetablere andre steder uten betydelige kostnader.

Vi håper derfor at det i framtida blir satset mer på Søve og at flere studietilbud og kompetansetilbud kan legges til stedet. Dette er vi allerede i gang med - i tråd med fylkesplanen om næring og kompetanse.

Utfordringen framover blir også å finne og beholde en sterk fagkompetanse og ledelse på alle felter av skolens virksomhet og drift. Gjentatte runder med usikkerhet om skolenes eksistens vil tære på denne motivasjonen, særlig de som har andre muligheter i arbeidsmarkedet. Vi håper derfor diskusjonene kan gå på positiv utvikling av opplæringsstedene og ikke nedleggelse - uansett om de skal brukes til videregående opplæring eller kombineres med annen kompetansebygging.

Lunde vidaregåande skule har starta drøftingar om dette og vil kunne bidra med informasjon om skulen sine tankar for seinare drøftingar i rådet eller i kommunane.

Oppsummering - konklusjon

Eg har prøvd å lage ei generell uttale som famnar om dei ulike problemstillingar og dei ulike innspel som eg har fått i saka.

Midt-Telemark, 18.08.2011